



Handbok for nytilsette

JÆREN FOLKEHØGSKULE 2017

Innhald

Om skulen, verdi, historikk etc

Generelt regelverk som gjeld alle tilsette

Praktisk informasjon

Undervisningsansvar

Arrangement

Om skulen, verdi, historikk etc

Velkommen til Jæren folkehøgskule!

Som nytilsett ved Jæren folkehøgskule skal du vite at du er i godt selskap. Me er over 20 tilsette som kvar dag gjer vårt for å laga ein god skule for elevane våre, og ein god arbeidsplass for våre tilsette.

Skulen har lang historie. Den vart starta av strilen Søren Øvretveit i 1899. Dei par første åra dreiv han skule på loftet til folkeskulen som enda ligg oppføre folkehøgskulen, på Haugabakka. Skulen er i dag Klepp bygdemuseum og er eit klassisk Jærhus.

Etter eit par år fekk han kjøpt ein liten gard der skulen ligg nå. Her utvikla skulen seg og vart større og nye bygg vart bygde for å få plass til fleire elevar, og også få plass som elevane kunne bu.

Skulen deler ofte historia si i to. Gamleskulen er skulen frå 1899 til 1960. Då klarte dei ikkje starta opp att, og då rektor om sommaren sa opp stillinga si vart skulen lagt på is eitt år. Det skulle gå ni år. Bygningane var game og slitt, og med fleire magre år på 50-talet, så hadde det nok skorta på vedlikehaldet.

60-talet var det svarte ti-året for skulen. Då var ikkje skulen i drift, bygningane forfall enda meir, og stor tomme eller vart leigde ut litt sporadisk.

Samstundes som skulen låg tom og til forfall, så var det gode krefter på Jæren som arbeidde for å få skulen i gang igjen. Særleg er det ein mann som skal ha mykje av æra for at dette skjedde. Hagbart Heien hadde vore lærar på skulen, og han syntes det var for gale at skulen skulle forsvinna. Har arbeidde hardt og trufast heile sekstitalet for å få skulen opp igjen. Det var von og det var nederlag. Men til slutt hadde han skaffa lån og stønad til å få skulen i gang igjen. Mange rundt på Jæren hadde kjøpt lutar, «andelsbrev», for å samla inn nok kapital til å få lån.

I 1969 kom den store dagen, skulen vart attreist, ein moderne, ny skule. Det gamle klarte dei ikkje ta vare på, så det vart rive. Heile skulen var ny. Og det er i stor grad den skulen som står her i dag. Det einaste store nybygget som er kome til er internatet Breidablikk som vart bygd i 2005. Denne skulen vert nå kalla for ny-skulen.

Grundtvig

Nicolai Fredrik Severin Grundtvig var ein dansk prest, salmediktar, historikar og skulemann. Han er mest kjent for salmane sine og for å vere den som inspirerte til å starte folkehøgskulane i Danmark. Han starta aldri nokon skule sjølv, og hans idé var nok mest å lage eit fritt universitet på folkehøgskulepedagogikk. Men slik vart det

ikkje, folkehøgskulane utvikla seg til dei frie skulane me har i dag. Me finn folkehøgskular i Danmark, Noreg, Sverige og Finland. Den norske og danske er nok dei som liknar mest på kvarandre, medan den svenske og finske har teke ei litt anna lei, dei driv m.a. med meir tradisjonelle vidaregåande skulefag.

Grundtvig sine hovudtankar var at skulen skulle vere på folkemål, på den tida var høgare skuleslag på tysk eller latin i Danmark. Han ville lage ein skule for vanlege danskjar, og meinte at det var den danske bonden som eigentleg var den «levande» kraft i landet. Universiteta var latin og daude bokstavar og daud kunnskap.

Eit av dei viktigaste kjernepunktta i hans tanke, var at undervisninga skulle vere i form av en jamnbyrdig dialog, «levende wexelvirkning» som han kalte det. Ikkje ulik den tanken som Habermas og Buber har stått for i nyare filosofisk tenking. Det ideelle var den dyktige læraren sitt møte den interesserte student. Læraren skal ikkje heva seg over studenten, dei skal vere jamne i dialogen, men læraren veit noko som eleven ynskjer å lære. Studenten er ikkje eit tomt kar som skal fyllast med kunnskap, men har i seg svært mykje kunnskap, læraren si oppgåve er å «kaste lys over» denne kunnskapen, altså å opplysa.

Grundtvig var også oppteken av studenten sitt eigenverd og at skulen ikkje hadde rett til å trykke på studenten «sanningar» politisk eller religiøst. Sjølv om han var prest var han tydeleg på at «tru er inga skulesak» og han sa at «me skal leie den unge til kyrkjedøra, men inn skal han gå sjølv». Altså, skulen skal lære studenten det han trengjer å kunne, men valet skal han ta sjølvstendig.

Jæren folkehøgskule sitt måldokument

VISJON

Ein skule for likeverd og livsglede

VERDIGRUNNLAG

Jæren folkehøgskule skal arbeide etter folkehøgskulen sin demokratiske tradisjon for likeverd og medverknad i skulekvardag, samfunns- og arbeidsliv.

Skulen sin pedagogiske plattform byggjer på eit danningssyn der danning er ein prosess som utviklar evne til å vera merksam på seg sjølv og andre i verda, slik at ein utviklar entusiasme til å leva sitt eige liv i eit forpliktande og bærekraftig fellesskap.

Skulen ser på kvar enkelt elev som unik og verdfull, og skal ikkje sortera elevar ved hjelp av karakterar og eksamenar. Internatet er ein viktig og sentral del av det å gå på folkehøgskule.

MÅL

Jæren folkehøgskule skal gje eleven den beste faglege og sosiale utvikling eleven kan oppnå.

Skulen skal bidra til å gjera folkehøgskule til eit aktuelt alternativ for alle unge i dag.

Delmål

- Eleven skal oppleva å bli sett
- Eleven skal utfordrast til ansvar og deltaking i samfunnet
- Eleven skal få fagleg solid opplæring i tråd med behov og ønske
- Eleven skal få rammer som gir høve til eigenutvikling
- Skulekvardagen skal pregast av den gjensidig frie samtalen
- Personalet skal ha høve til utvikling som fremjar trivsel og arbeidsglede
- Skulen skal vera ein aktør i nærmiljøet

Generell informasjon som gjeld
alle tilsette

Om teieplikt

Alle som arbeider ved Jæren folkehøgskule er underlagt ei generell teieplikt. Dette fordi me arbeider tett med menneske, og me vil i løpet av året høyra og sjå mykje som den einskilde skal ha for seg sjølv.

Det betyr at me ikkje kan fortelje vidare ting elevar har sagt eller gjort som er av personleg art.

Er du usikker på kva dette tyder, så ta kontakt med rektor for vidare informasjon.

Bo og fritid, særskilt ansvar

Særleg omsyn må visast i høve til Bo- og Fritid sine elevar. Desse elevane er psykisk utviklingshemma eller har liknande avgrensingar. Me som tilsette har då eit særskilt ansvar for å ta vare på desse elevane, tryggje dei, og hjelpe dei til å få ei god personleg utvikling dette året.

Deira åtferd og kva dei seier og gjer må til ei kvar tid vurderast opp mot dei avgrensingane dei har. Av og til treng dei å vernast mot eiga åtferd.

HMS

Her på skulen er me opptekne av at alle skal ha gode og trygge og trivelege arbeidstilhøve. HMS-arbeidet er difor sentralt i kvardagen vår. HMS gjeld dei tilsette, men me skil ikkje så mykje på dette i kvardagen. Alle som er på skulen skal ha det trygt og godt her.

Avviksmeldingar

I kvardagen er det spesielt meldingar om avvik som driv HMS-arbeidet vårt. Er det avvik frå normal drift, skal dette meldast inn ved hjelp av ei avviksmelding. Dette kan skje på eige skjema som er på lærarrom og kjøkken, eller det kan skje elektronisk, t.d. ved hjelp av HMS-app på telefonen. Det er viktig at avviksmeldingar vert skrivne så snart som rå, slik at situasjonen ikkje vert gløymt.

Avvik er alt frå dører som ikkje er låste om kvelden til personskade. Alt som avvik frå det som skal vere normal drift hos oss.

Kriseplan

Skulen har laga ein kriseplan, den finn du bak i permen under vedlegg.

Kriseplanen har først og fremst ein varslingsplan og ei ansvarsavgrensing dersom det skulle oppstå ein alvorleg situasjon. Slike situasjonar kan vere elevar som vert borte, alvorlege skadar, dødsfall, brann etc. Planen inneheld også eit døme på korleis dei første dagane etter ein slik alvorleg situasjon kan sjå ut.

Bedriftshelseteneste

Skulen har avtale med bedriftshelsetenesta Stamina helse som har kontor på Lura, ved Kvadrat. Dei hjelper oss med å få gode rutinar for HMS og eit godt arbeidsmiljø på skulen.

For den tilsette kan Stamina helse vere ein samtalepartner dersom ein t.d. har opplevd situasjonar ein synes er vanskeleg. Å arbeide så tett med så mange menneske kvar dag kan nokon gonger gjere at me kjem opp i situasjonar som kan vere tøffe, og som det er vanskeleg å klare aleine. Sjølvsaugt stille kollegaer opp for samtale og rettleiing, men nokon gong er det greitt å samtale med nokon på utsida, nokon som er profesjonelle på utfordringane i arbeidslivet.

Snakk med rektor eller ta direkte kontor med Stamina helse dersom du treng det.

Organisering

Tilsette på skulen har tradisjonelt vore medlem av Folkehøgskoleforbundet. Dette er fordi dei er den einaste organisasjonen som kjenner folkehøgskulen og dei særskilte utfordringane me har som ikkje finnes på andre arbeidsplassar. Som lærar i Folkehøgskuleforbundet er du dobbeltmedlem også i Utdanningsforbundet. Det betyr i praksis at du får alle fordelane i denne organisasjonen også, t.d. med forsikringar.

Ta kontakt med lokallagsleiaren for å høyre om organisasjonen og kva fordeler det har for deg som medlem.

Fadder og oppfølging

Som ny-tilsett er det svært mykje ein skal setja seg inn i. I tillegg til nye arbeidsoppgåver, så skal ein vere med på ei rekkje ulike arrangement, ein har ei stor elevgruppe der det kan vere ein del utfordringar ein kanskje står aleine med når ein har tilsyn.

For å gjere oppstarten lettare for nye, har skulen ein fadderordning. Det betyr at du får ein fast fadder det første året som skal vere lett å gå til om du lurar på noko. Sjølv sagt stiller alle tilsette opp, og alle er lette å spørje. Men i ein travel kvardag kan det følast som ei ekstra bør å heile tida måtte spørje. Då er det godt å vite at ein person har det som oppgåve å vere der for deg.

I tillegg skal du ha jamlege samtalar med ein av leiarane på skulen det første året. Dette for å avklara ting i jobben som kan vere vanskelege å forstå, avklare kva som vert forventet etc.

Praktisk informasjon

KART OVER SKOLEOMRÅDET

SKOLERUTE

ÅRSJUL

TIMEPLAN

Undervisningsansvar

Som lærar på skulen er det svært mange oppgåver ein har ansvar for. Den som dei fleste tenker på først, er undervisningsdelen. Men som du vil erfare, så er nok del sosialpedagogiske delen minst like stor.

La oss først sjå på ansvar og oppgåver som heng saman med det å vere lærar:

Morgonsamling

Skulen startar kvar dag med morgonsamling. Då samlast lærarar og elevar i Nornesalen for å få ein god felles start på dagen. Gjennomføringa av morgonsamlinga er delt mellom lærarar og elevar. Du kan ta opp mest kva tema du vil, ei interesse, ei erfaring, ei reise, aktuelle samfunnsspørsmål eller kva det måtte vere. Normalt er det også song på morgonsamlinga. Då kan du velje ein song du synes passar. Det er til stor hjelp å få med ein pianist til allongen. Vanlegvis er ikkje dette eit problem, sidan Johnny er på dei fleste morgonsamlingane, og han er ein god pianist til allsong.

Morgonsamlinga skal vere ca 15 minutt. Då har elevane ca 15 minutt igjen før undervisning til å gå på do eller få litt frisk luft før undervisninga startar.

Undervisningstimane

På arbeidsplanen din står kva timar du skal undervise. Vanlegvis er det dei fleste linjetimane på linja, og i tillegg valfag, laurdagstema og foredrag.

Dei fleste timane er du aleine med ei elevgruppe. På laurdagen kan det vere to lærarar dersom lærarane underviser. Einskilde laurdagar er du aleine med elevane, men det er også ein tilsynslærar med. Dette er dei gongene der alle elevane t.d. er på tur og du ikkje har anna ansvar enn å bestille buss og vere med på turen.

Fråver

Som lærar noterer du alle timar elevar er borte. Dette melder du til inspektøren på eige skjema som finns på lærarrommet. Kjenner du grunnen til fråværet skal det skrivast på, elles er det kun timetalet, dato og læraren sin signatur.

Elevsamtalar

Som linjelærar har du også administrativt ansvar for «dine» elevar. Det inneber utanom fråvær-føring også elevsamtalar. Elevsamtalane

finn du tid til når du har tilsyn. Du bør ikkje ha mange elevsamtalar same tilsynet, fordi det er krevjande å halda gode elevsamtalar på toppen av ein arbeidsdag, og det er andre elevar som også treng deg.

Kva kan man klara sjølv som lærer og kva tar man vidare til leiing eller lærarråd

Nokon gonger synes læraren at det er for mykje å ha ansvaret for. Det kan vere einskilde elevar eller fleire av elevane som krev mykje, t.d. på grunn av sjukdom. Då er det viktig at du tek dette opp med leiinga eller tek det som sak på lærarmøte. Det er utmattande å ha krevjande elevar over tid. Så vil lærarråd og leiinga hjelpe til med løysingar som vil gjere kvardagen din lettare.

Får du høyre ting som t.d. handlar om brot på reglane til skulen eller liknande, så er det lurt å straks melde dette til leiinga som kan gje råd om kva som er lurt å gjere vidare.

Det er viktig å dele uro og bekymringar med kollegiet, det er tungt å bere på vanskelege ting aleine. Me er her for kvarandre.

Korleis lagar me eit trygt klassemiljø

Ei av våre viktigaste oppgåver som lærar er å skape gode tilhøve for læring. For å kunne lære må me vere trygge. Dette er difor ei oppgåve som må vektleggjast frå første dag, eller frå første kontakt med elevane våre.

Erfarne kollegaer kan vere med og gje råd og tips om korleis dei har løyst dette. Det er også eit element av den personlege læraren her. Ein må vere open og gje av seg sjølv. Vere personleg men ikkje privat. Byggje tillit, vere i dialog med elevane.

Det kan vere lurt å finne seg nokre gode øvingar i starten slik at elevane vert litt friare og tryggare sammen. Korleis dette vert løyst er avhengig av læraren. Me er ulike og me løyser desse tinga ulikt. Det som ligg i botn er den gjensidige dialogen.

Bli-kjent-Linjetur

I starten av skuleåret reiser linjene på eit døgnshyttetur. Dette er for å bli kjent med elevane så snart som rå. Då lagar de mat saman og har ulike aktivitetar og øvingar for å bli betre kjent. Innhaldet kan variere etter linje og linjelærar, men målet er alltid det same.

Føring av elevrekningar / Økonomi

Elevane må betale alt materiell dei nyttar i løpet av skuleåret. Reint praktisk vert det organisert slik at dei betalar inn semesteravgift

haus og vår som skal dekke dette. Enkelte tilbod som eleven kan velje må betalast utanom. T.d. hundspannkøyring og Rafting.

Læraren har kontroll på utgiftene på linja. Det vil seie turar og linjemateriell. Materiell som vert kjøpt inn til elevane skal først opp, og det som vert delt ut skal først opp. På den måten har me kontroll på kva materiellet kostar og kan halde realistisk prisnivå.

Krav til undervisning/fagplan

All undervisning du har skal dokumenterast i ein fagplan. Denne skal lagast saman med elevane, og her skal alle emne og tidsbruk på dei ulike emna dokumenterast. Dette fordi undervisninga på ein folkehøgskule skal lagast i samråd med elevane, og at lærar og elev til ei kvar tid skal kunne sjå kor langt ein er komen og kva som er neste emne.

Fagplanen kan avvikast og endrast dersom lærar og elevar vert einige om det. Fagplanen er altså ei gjensidig avtale med elevane som syner kva dei skal lære dette skuleåret.

Det finns ikkje noko sentralt eller felles pensum eller fagplan for folkehøgskulen. Fagplanen er altså det elev og lærar vert einige om.

Eleven kjem til skulen for å lære noko. Det bør difor stillast store krav til læraren sine faglege kvalifikasjonar. Eleven har krav på god og solid undervisning kvar time heile skuleåret.

Valfag

Som lærar på skulen har du normalt valfag og gruppefag i tillegg til linjeundervisninga. Omfang kan variere etter kor mange timar som vert nytta til andre oppgåver. Det vanlegaste er at ein underviser i eitt valfag, og eit gruppefag, kvart på to timar.

Valfag/Gruppefag kan vere av svært ulik karakter. Me prøver å gje elevane eit variert og godt tilbod med fysiske, handverksmessige og andre fag. Det er stor fridom for læraren til å velja kva valfag som skal gis. Dette vert avtala med skulen si leiing før semesterstart. Eit valfag varer normalt eit semester, men einskilde fag krev to semester.

Tilsyn

Alle lærarar ved skulen har også sosialpedagogiske oppgåver i stillinga si. Den største delen av arbeidet er tilsyn. Så lenge det er elevar på skulen skal det vere ein lærar på jobb, døgnet rundt. Ein

lærer i full stilling har rundt 25 døgn tilsyn kvart år. Dette vert organisert som einskild-døgn på kvardagar, medan helg (fredag-sundag) vert organisert som ei blokk. Ein har normalt tilsyn tre helger kvart år.

Som tilsynslærer startar du på kvardagar til middag kl. 15.00 og går til neste morgon kl. 08.00.

På laurdagar og fridagar (t.d. søndag) har du tilsyn i 24 timar, altså 0800-0800.

Tilsyn inneber å vere til stades for elevane. Du skal altså heile tilsynsvakta vere på skulen slik at elevane får tak i deg. Du skal vere tilgjengeleg på telefon, og er du andre stader enn på lærarrommet, skal du normalt setje opp ein lapp på døra der du skriv kor dei finn deg. Etter 22.00 har du sovande vakt. Det vil seie at du søv på skulen eller i lærarbustad, men kan nås på telefon dersom elevar treng å få tak i deg.

Ei av dei viktigaste oppgåvene som tilsynslærer er å sørge for at elevane har det trygt og godt. Du har m.a. ansvar for branntryggleiken på skulen. Dersom alarmen går, samlar elevane seg ved lærargarasjane slik dei vert opplærde til. Som tilsynslærer er det di oppgåve å få eit oversyn over om alle elevane er komne ut og så gje beskjed til brannvesen/politi om nokon er sakna.

Litt meir trivielle oppgåver for tilsynslærer er å leie måltid til middag og kveldsmat. Kveldsmat er det tilsynslærer og kjøkkenteneste som lagar til.

Middag på kvardag og søndag er 15.00. På laurdag 13.00. Då startar me måltidet med å syngje første vers av «Og vesle lerka». Når alle har fått mat, så er det tilsynslærer som avsluttar måltidet, og elevane set skitne tallerkenar på plass. Kjøkkentenesta vaskar opp i samrå med kjøkkenet.

Til kveldsmat startar førearbeidet kl. 19.00 (lurdag 18.30) og elevane får mat kl. 19.30 (lurdag 19.00). Når måltidet er over, ryddar og vaskar kjøkkenteneste. Tilsynslærer er med i heile denne perioden for å vegleia elevane.

Siste del av tilsynet er normalt å låse dører og lukke vinduer rundt på huset. Dette er vanlegvis kl. 22.00. Det er to dører ved ADT som skal låsast, døra ut frå gymsalen, bakdøra ut frå kjøkkenet og hovuddøra skal låsast. Du går innom alle rom på skulen og sløkker lys og passar på at vindu er lukka.

Du går også ein runde på internata for å sjå til at alt er i orden, at det er ro og orden og at det ikkje er brannfeller. Du låser ytterdørene om dei står opne. Gjester (som ikkje bur på skulen) skal vere ute av internatet kl.22.00.

Andre tilhøve

Vikar

Dersom du må vere borte frå skulen, bør du prøve å skaffe vikar til elevane dine. Ved sjukdom er det inspektøren som har ansvar for vikar. Normalt er det vanskeleg å skaffe vikar, det er difor til god hjelp om du har eit undervisningsopplegg/oppgåve liggjande i skapet ditt som kan nyttast når du ikkje er der.

Dersom du treng fri/permisjon, så er det vanlegvis di oppgåve å skaffe vikar for tilsyn du måtte ha. Det vanlegaste er at ein byter tilsyn med andre i kollegiet.

Dersom du er sjuk, er det inspektøren som finn vikar. Då spør han kollegiet kven som har høve til å ta tilsynet, og det pleier å ordne seg greitt.

Planleggingsdagar

I løpet av skuleåret har lærarane totalt 13 planleggingsdagar. Fire før skuleåret tek til, fem i løpet av skuleåret og fire etter at elevane har reist. To av dagane i skuleåret er «Rogalandsmøtet», eit felles møte mellom folkehøgskulane i Rogaland. Skulane er Karmøy, Solborg, Jæren og Lundheim. Møtet går på rundgang mellom skulane, og ligg på dei to første arbeidsdagane over nyttår.

Medarbeidarsamtalar

Alle lærarar har medarbeidarsamtale med rektor i løpet av året. Tilsette på kjøkken og reinhald har medarbeidarsamtale med internatleiar.

Arbeidsåret

Alle tilsette skal ha eit oversyn over korleis arbeidsåret ser ut. Det er for å kunne planleggje privat og for å vite at ein arbeider dei timane ein skal, verken meir eller mindre.

Denne arbeidsårskalenderen skal normalt vere ferdig i løpet av september.

Arrangement

I løpet av skuleåret er det ei rekke arrangement for elevane og foreldre. Normalt er alle tilsette involvert i desse arrangementa på eit eller anna plan.

Familiehelg

Då inviterer me inntil to (pga plass) føresette til å koma på skulen for å sjå kva me driv med her. Dei er på linja, og me har eit felles program, m.a. med underhaldningskveld som elevane steller i stand. Me legg også inn ein tur til Hå gamle Prestegard og ser ei utstilling der. Ein tur til stranda er også obligatorisk.

Internasjonal veke

Denne ligg i skuleåret og er for elevane. Me har i fleire år hatt besøk av studentar frå Nablus, Stavanger sin venskapsby i Palestina denne veka.

Studieturar

Dei ulike linjene reiser på studieturar. Desse prøver me å samle mest mogleg i «reiseperiodar» for å unngå at me omtrent aldri er alle elevane på skulen.

Kulturkveld

Dette er den andre helga i skuleåret, og ein måte å helsa elevane velkomne på, samstundes som dei får ein mal for korleis dei kan lage ein elevkveld. Både lærarar og elevar bidreg med innslag denne kvelden.

Juleveke/-kveld

Siste veka før jul løyser me opp ordinær timeplan og gjer andre ting. Då er jul eit gjennomgåande tema med t.d. juleverkstad.

Avslutningsveke/-kveld

Siste veka i skuleåret blir også vanleg timeplan løyst opp, og me gjer stort sett sosiale aktivitetar saman.

Jubilanttreff

Me har i mange år hatt jubilanttreff siste helga før skuleåret startar i

august. Då inviterer me elevar som gjekk for eitt, fem, 10, 20, 30, 40, 50 og 60 år sidan til skulen.

[Elevkveldar](#)

Fleire laurdagar i skuleåret arrangerer me elevkveldar. Dei vert laga av enten ei linje eller ein gang og lærarane som er tilknytt. Andre lærarar er med som gjester ein del av desse kveldane. Andre har me fri.